

TINDEFJELLET

(1083m)



Toppturteamet frå Vassenden. Utsikt mot vest.

Nedkøyringa på austsida er rekna for ei av dei betre i Jølster.

Tid: ca 3 timar opp med toppurski.


Tilkomst

Bil frå Vassenden til Svidalen ca 6 km. Her tek ein av til venstre mot Berg i Svidalen. Denne vegen går til dei øverste gardane i Svidalen (Berg). Ein køyrer opp ein lang bratt bakke til ein kjem opp til 1. Gardsbruket, som ligg på venstre sida, der vegen flatar ut før neste bakke. Ein køyrer gjennom dyrka jord ca 300 m. Der den dyrka jorda tek slutt, er det ein liten utviding av vegen. Her kan ein parkere, eller litt lenger oppe. Ein startar å gå opp i retning nord/vest på dyrka jorde like i skogkanten. Vidare oppover vert det å halde retning mot toppen. Når ein kjem opp i øvre del av skoggrensa skal ein halde mot venstre (kanten mot syd). Ein skal ikkje gå ned i sløkta til høgre. Ein held seg på kanten mot Jølstravatnet. Eit stykke opp smalnar kanten av og ein kjem inn i ei kløft som syd/vestover endar i eit stup mot ei kløft i fjellet. Her er det trygt å gå, men hald til venstre. Mot høgre kan det vere rasfare. Frå dette området går ein skrått oppover mot nord, i ein lengre bratt bakke. I denne bakken skrar ein over mot høgre sida av kanten, for å unngå dei brattaste partia. Her kan det vere rasfare. Når ein kjem på toppen av bakken går ein meir mot vest og nord og held retninga mot toppen. Vidare er det lett å ta seg fram og veglina seier seg sjølv.

Nedkøyring

Ein kan køyre ned same vegen som ein går opp. Andre alternativ kan veljast. Til venstre for der ein går opp, er det søkk inn i fjellet under høgste toppen. Dersom det ikkje er skredfare, kan ein køyre ned her. Elles er det oftast trygt å køyre ned til venstre for dette partiet. Lengst nede før ein når skoggrensa, er det ein bratt bakke. Under rasfarlege tilhøve skal ein vere litt på vakt her. Deretter er det beine vegen attende til bilen.

Kart over Vassenden



Den raude lina viser traseen opp. Som nedfart kan ein velje mellom raud og gule liner alt etter føre og rasfare.